

UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1985 - 2. ÅRG.

# Opphav og heimstad

Jostein J. Hjellbrekke

Sei ikkje at eg ikkje har røter -  
sådd i, og vaksen or Vestlandsmold  
stod eg ved sida av andre tre.  
Eingong var stommen tynn  
og greinene veike,  
men sterkare vaks dei seg år for år.

Kanskje det visnar i framand jord,  
eller vert sterkt og får seige greiner  
som bøyst mot vest  
i austavind, austavér.  
- For treet har også ein draum,  
draumen om opphav og Vestlandsmold.

Lauvet, som grønkast i vår og sommar  
gulna mot haust, og vinteren kom med snø  
som vernande la seg ikring oss - over oss  
så vi fekk kvile i vinternetter.

No veks det nye tre  
ved sida mi her.  
Nye, med unge greiner.  
Kanskje det alt er skore eit namn i borken.  
Skore ei vårnatt i linnver  
med varme hender.

Eit namn vart tidleg skore i borken  
då borken var ung og mjuk.  
- Namnet som ingen såg.  
I vårar som kom, med sevje  
kjende eg namnet blødde,  
men tre som får vekse får grovare bork,  
og kanskje vert namnet borte i vestavind,  
vestavér.

Så godt å få vere eit tre.  
Så godt å ha vore eit tre,  
med lauvheng til ly  
for nokon som kanskje gjekk vill  
i streign og vind.

Eit tre må kanhende flyttast,  
prøve å røte seg andre stader.

Så kan han kome, den siste hausten  
med gulnande blad,  
då treet skal visne og morkne.  
- Morkne og verta til Vestlandsmold.



# Jølster Mållag

Jølster Mållag har i år hatt 12 styremøte. Styret har diskutert dei målpolitiske spørsmål som har vore oppe i Noregs Mållag.

Ingrid Søyland Hope var laget sin utsending til årsmøtet i Noregs Mållag som i år var i Volda. Ho tykte det var inspirerende og utbytterikt å få komme saman med andre ihuge målfolk og få delta i debatten på årsmøtet.

Elles gjekk laget attende med 2 medlemmer i året som gjekk. Laget har no 38 medlemmer. Dette er alt for lågt medlemstal for Jølster. Vonar bygdefolket vil støtte laget med å melde seg inn.

Medlemspengane er kr. 80,-. Av desse går kr. 60,- til Noregs Mållag, kr. 10,- til Firda Mållag (fylkeslaget) og kr. 10,- til vårt eige lag.

Adresse:  
Jølster Mållag  
Annborg Brekkhus, 6840 Vassenden i Jølster  
Postgiro 3 06 13 63

## Styret 1985:

Jon Gåsemyr, formann  
Laila Hov Sandnes, Annborg Brekkhus, Ingrid Søyland Hope, Jarle Helgheim, Reidun Bolset Håheim (varakv.)

## Bokdag

Laget arrangerer kvart år ein bokdag. I år vart denne halden på Skei. Vi var så heldige å få skodespelar Agnete G. Haaland til å underhalde oss. Ho hadde sett saman eit lyrikk-program av dei mest kjende og sentrale nynorske forfatarane, men med hovudvekt på Haugtussa av Garborg. Det var ei gnistrande og

levande framføring som trollbatt alle i salen. Det var ei oppleving å høyre henne og ho var god reklame for Sogn og Fjordane Teater.

Felejentene til Fjellklang underheldt med god musikk og til slutt orienterte formannen om målarbeid i Jølster og i Noregs Mållag.

Dei frammøtte fekk så kose seg med kaffi og kaker, prate saman, kjøpe lodd av mållaget og sjå gjennom og kjøpe bøker av eit godt utval som bokhandlar G. Huus stilte ut på bokdagen.

## Bladet «Jølst»

Det som tek mest tid for styret er å planlegge og redigere bladet Jølst. Styret er så godt nøgd med første bladet og den mottakinga bladet fekk i bygda at det vil halde fram med dette arbeidet. Rett nok gjekk vi litt i underskot på første bladet vårt, men her kom Sunnfjord Sparebank, Avdeling Jølster inn og dekkja underskotet. I år vonar vi på betre sal og overskot.

Meininga med bladet er å få fram bygdekulturen vår, gammal og ny. Lag og organisasjonar skal få høve til å presentere seg og fortelje kva dei driv med. Folk som putlar og skriv litt skal få plass til dikt, prologar, forteljingar osv. Gode teikningar er og kjærkomne. Til no har vi berre møtt velvilje hjå dei vi har spurt om stoff. Vonar og at folk kan sende inn stoff til styret utan oppfordring. Bladet bør komme ut årleg.

## Nynorsk til born

Ein av aksjonane til Noregs Mållag var nynorsk i barnehagane. Denne aksjonen ville Jølster Mållag gjerne støtte. Mållaget nytta overskotet frå bokdagen i fjor til å kjøpe inn gode nynorske barnebøker. Desse gav vi så til barnehagane i bygda. Vi vonar at bøkene kjem til nytte og at dette er med å styrkje nynorsken.



# Midttunet - eit orginalt og levande tun

Tekst/foto ved Jorunn Hamar og Atle Hamar



Når du kjem til Sandalen i Jølster og leitar opp vegen til det freda Midttunet, står du med eitt i eit miljø frå 1600-talet. Her ligg eit gammalt gardstun midt i grenda, som namnet fortel.

Tunet er truleg frå 15/1600 talet, og det har vore i bruk fram til 1967. Dei siste som budde her, var søskena Jakob, Olav og Andrea Sandal og søsterdottera Kari Sunde. Atten år seinare, i 1985, ser vi husa slik dei har stått gjennom fleire generasjonar. Husa er fulle av ting og reiskap som folk har brukt i levestett sitt i gamle dagar. Midttunet er difor svært godt eigna til å gje eit bilete av det gamle bondesamfunnet, fordi alle funksjonane på garden er svært godt tilpassa kvarandre.

Midttunet har vore freda i elleve år, og i 1981 tok Jølster kommune til med museumsdrift. I nokre år før kommunen overtok, hadde Jølster Heimyrkelag tilsyn med Midttunet. Dei seinare åra har det vore utført mykje restaureringsarbeid på dei gamle husa, og reiskap har vorte samla inn for å få til ei fullgod samling. Sidan museumsdrifta tok til, har talet på vitjingar vore aukande heile tida.

## Midttunstemnet

Kvar sommar vert det skipa til eit stemne i tunet som går under namnet Midttunstemnet. I år vart dette stemnet arrangert den 4. august, der både bygdefolk og turistar samla seg til kulturelt samvere. Denne dagen kunne ein sjå mange av pensjonistane i bygda i aktivitet med ymse arbeid som var vanleg på gardane før i tida.

Eldhuset skulle brukast til so mangt. Både baking, tørking av korn, smiing og sliping av reiskap føregjekk det her i eldre tider. På stemnet såg vi Kristina Hylderås som bakstekone, ho bakte flatbrød og steikte på helle med vedfyring. Flatbrødet smakte godt, ho kunne fortelje at både grovkveite og kli var med i oppskrifta. Teodor Bjørset stod attmed blåsebelgen og essa og smidde reiskap.

I sperrestova sat Engel Eikås attmed rokken og surra og spann heile dagen, slik han sikkert hadde gjort så mang ein gong. Dei som ville, kunne prøve karene, rokken kunne vere vanskelegare å få til. Lina Sandal viste ein gammal veveteknikk, pøsing. Det er ein måte å lage band på med fingrane. Ho kunne lage fleire ulike mønstre.

Attmed langbordet i sperrestova sat folk og åt rømmegraut med flatbrød og spekemat, eller dei hadde seg kaffi og svelekake eller lefse. Bunadskledde ungdomar sytte for serveringa, det var dei som var tilsette i museumsarbeidet i Jølster i 1985. Matlaginga stod lokale krefter for. Men folk måtte finne seg mang ein sess denne dagen, for svært mange var møtt fram på stemnet. Ved langbordet ute, på trapper eller i kjellaren under sperrestova fann folk seg til rette, dei treffe kan hende ein kjenning dei sjeldan såg.



Teodor Bjørset i smia.

Av aktivitetar ute såg vi lauvkjerrbinding, Ragna Skrede viste det. I forknipa kom lauvkjerra godt med. Jørgen Sandal sette opp ei hes på gamlemåten. Han brukte staur både diagonalt og vertikalt, med små bjørkekvister som festeband.

Jørgen Sandal var og i løa i lag med Olav Grepstad og synte korleis ein skulle bruke tusten som ei treskje-reiskap.

I Middtunet finn vi ei stove kalla Bestefarstova. Bestefar som i si tid budde her, putla med mange ting. Han kunne ma.a bråke skinn som so mange andre. Anders P. Sægrov brukte eit enkelt reiskap for å mjukne skinn slik at det kunne brukast til klede. I denne stova stod og ein vevstol der den som ville, kunne setje seg ned og prøve.

Medan vi går rundt og kikar på alt som skjer, kjem Helga Berg ut på tunet og har med seg ei smørkinne, no skal det kinnast smør. Det tok litt tid og krefter, men smør blei det, og det smakte godt på ein nybaka flatbrødbit.

Vi treffer kultursjef Geir Tore Vestad på stemnet. Han seier til «Jølst» at tunet ikkje berre skal ha status som museum, men det skal vere eit tun som skal stå slik det har stått gjennom fleire hundre år, med dei bruksting som har vore på garden. Målet er å samle inn gjenstandar/reiskap slik at tunet vert fullstendig. Midttunet kan difor gje folk ei spesiell oppleving fordi det står slik som det var då folk på garden reiste i frå det.

Planane framover er å gjere tunet meir funksjonelt, slik at skuleklassar kan bruke dette i undervisninga.



Helga Berg med smørkinna.



Kristina Hylderås som bakstekone.

Vestad seier at det kan bli aktuelt med ei aktivitetsveke om våren, der klassar frå heile Sunnfjord kan vitje tunet og ta del i dei aktivitetane som føregår, og eit samarbeid med pensjonistlaget er svært aktuelt i denne samanhengen. For ikkje å belaste dei same pensjonistane for mykje, bør bygda delast inn i 3 - 4 soner, som bytast om oppgåvene. Dermed kan spesialitetar frå ulike delar av bygda, når det gjeld gardsliv og gardsdrift, få kome fram til ålmenta.

## Nytt sanitæranlegg

Ei av oppgåvene til kulturetaten er å få bygd eit moderne sanitæranlegg som tilfredstiller krava i dag. Dette er noko som kan vere med å gjere tunet meir attraktivt for både den tilreisande og bygdefolket. «Vi må gjere jølstringane meir medvitne om Midttunet og dei utfordringane det ligg i å gjenskape eit gammalt bondemiljø», seier Vestad. «Turistane er jamnt over overvelda over det originale særpreget til Midttunet».

Eldre pensjonistar arbeider no i tunet uorganisert, når dei har tid og lyst. Ymse vedlikehaldsarbeid vert gjort, og gamle reiskap får ikkje sjansen til å støve ned. «Dessverre er det enno for lite inventar i husa», seier Vestad. «Mange av dei gjenstandane som er der i dag, er private, dei høyrer til arvingane til tunet. Det er difor viktig at vi no får samla ulike reiskap, slik at vi kan frigjere dei som er i privat eige», seier ein kvikk og aktiv kultursjef som tydelegvis har visjonar når det gjeld å take vare på den gode, gamle bygdekulturen.

Så får det vere ei von at folk finn vegen, både ein og fleire gonger, til Midttunet i Sandalen, ein liten og fredeleg plass i den urolege tida vi lever i.



## Vi kallast indre Sunnfjord....

Tekst av Bjarte Øvrebø  
Melodi av Ola Tveiten

Vi kallst Indre Sunnfjord, og er eit spel'mannslag so spelar fele dag og natt. Vi trivest godt ilag. Kvar onsdag har vi øving, då er dei fleste med og Sigmund er bekymra når vi ikkje får da te.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
Kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
Men når spelet går for trått  
står vi opp i samla flokk  
syng ein song med smil og lått, sudelida sudelidei  
Tralla la la la la, fyll opp i tomme krus.

\*\*\*

Av Sigmund har vi lært at ska vi spele riktig svært må snusen nedmed ondelippa vere rett plassert. At långe strøk er långe og dei korte ganske små er slikt som spel'mannslaget no omsider må forstå.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
Kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
Når vi så omtrent har klart  
det siste knep i riktig fart  
kjem eit nytt, og alt blir svart, sudelida sudelidei  
Tralla la la la la, fyll opp i tomme krus.

\*\*\*

Når Sigmund startar slåtten med løfta augnebryn, då stivnar alle smileband frå Sula og te Stryn.

Kven ler i dette laget når vi skal passe på at bogen føle' opp og ned, vi må'kje jage på.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
Kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
Raud og kvit med svarte vest,  
«Pingvinflokken» helde fest,  
og trampar takten som ein hest, sudelida sudelidei  
Tralla la la la la, fyll opp i tomme krus.

\*\*\*

Vi reiser tidt på kappleik og gjer det ofte godt, og mang ein gjeve 1. premie det har laget fått. Men skal vi stå på scena, vi tek det som ein sport at ingen smakar vått ell' tørt før oppdraget er gjort

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
Kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
Men når oppdraget er gjort  
er det somme som fer fort,  
og kjem att og syng ein kort sudelida sudelidei HEI!  
Tralla la la la la, fyll opp i tomme krus!

\*\*\*

Men trass at alle strevar og ikkje får da te, så stiller vi på øving, for vi vil vere med. Ja, felespel er meire enn ein hobby ska' de tru; Ei livsform som ein ektemake av og te vil snu.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
Kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
å snu da døve øyre fram,  
du skjøna da går ikkje an  
å slutte vere spelemann, sudelida sudelidei  
Tralla la la la la, fyll opp i tomme krus!

Ålhus 20.10 -07.12.84

# Gjennom Skrøklingen fram og attende på dagen berre 10 år gamal juleveka 1864

fritt etter gamal segn v/Anders P. Sægrov

Dei vantrevst karane der dei gjekk og trakka mellom husa opp i bakkane på Myklebost. Slik berrfrost og hardengd kunne ikkje folk minnst. No var det berre 8 dagar att til jul og ikkje eit vedlass hadde dei klart å køyre til tuns. Kvinnfolka snakka om at dei skulle havt beit på tunet no, det hadde spart på høyet. Ein må spare frå loket, det er forseint å spare når ein ser botnen». På føre middagen var det folksamt borte ved Tungrova då kom budeiene og skulle hente vatn til krøtera. Dei studde seg på vasselen og lurte på kor lenge Tungrova kunne halde dei med vatn. Berre dei ikkje laut i Storelva etter vatn når jula kom. Det hadde visst hendt i gamal tid. Sidan kulden varde so lenge, tok dei til å sjå etter aspektene i almanakka. Men etter at dei tok bort søndagsbokstavane og ymse andre figurar, vart det vanskeleg å spå veret. No var det snart berre grisemilta som kunne gje ein peikepinne om vinterveret. Han Hans på Hoja sa at grisemilta var smal i den eine enden og tjukkare i hin, so det vart vel på vårparten snøen kom denne vinteren.

Dei var mykje tidleg ute med å slakte julegrisen på Hoja i år. Skal tru dei fekk grisen avliva i veksande måne. Det var vel ikkje so heilt visst. Men når dette var undangjort kom borna i Ysttuna bønjannde i treskora og fortalde at på Hoja vaska dei stova i dag. Dei trudde at jula kunne vere ventande der når som helst. Alt var so vel frå seg gjort. Skal ikkje vi og til å lage til jul du mor? —Dei på Hoja lyt få lov å vere først i år var svaret dei fekk... Borna kunne ikkje forstå slikt snakk. Dei vaksne var rare.

Det hadde vorte til vane for borna i Ystunet å take seg tur på Hojen 2 - 3 gonger for dagen. Dei likte seg godt der. Dei likte seg ikkje so godt når han Anders skulemeister ville prøve kor gode dei var i boka. Barneåra var beste tida, hadde dei høyrte. Ja, hadde det ikkje vore dette med boka so... Dei vaksne hadde det godt. Å bli vaksen var noke dei stunda imot....

Når vaksnefolket kveikte skjålykta og gjekk i fjøset, tok borna seg ein tur Hojen. Dei var fjåsn ikveld. No kunne dei fortelje at rokkane var komne ut or stova. No stod dei oppe på buasvala. I morgon skulle dei vaske stova. Det skulle bli jul der i garden og. Julegrisen skulle få leve over jula. Dei slakta aldri grise i minkande måne - det hadde dei aldri gjort. Dei sette treskonå frå seg på hellene ute i gongen. Det hadde dei sagt heime, at det skulle dei gjere. Og so storma dei frimodig inn stovedøra. Med same dei kom inn om gåtta, kom han Hans og tok dei fast i herdane og skubba dei ut i gongen. «I kveld vil vi vere åleine her».

Og så stengde han døra i fullt sinne... Dei skulle få

lov å vere åleine lenge på Hoja, etter slik medfart, det var det full semje om i flokken. Dei skulle ikkje setje sin fot der so lenge jula varde...

Men det rare var at næste dag i dagninga kom han Hans ut i Ysttunet. Han var bli og godsleg, som om han aldri hadde vore sint i heile si levetid «—Dei har fått seg ein odelskar på Hoja no», fortalde han, ein liten fin kar. «Dette til efterretning», sa han. Og kvinnfolka i huset skreik opp - slo hendene saman og sa, at dette hadde dei venta på, dette var no vel nett slik dei ynskte? Jau, dei var vel fornøygde både han og ho Anne. Det var ein odelskar på garden dei trengde no.

Men so var det ein ting han Hans måtte spørje om: Skal tru om han Tolleif kunne gå gjennom Skrøklingen i morgon, bort til Frøysland, å fortelje dette til Marta og Ludvik? Han sjølv måtte vel ned til Estensta, so folket hennar Anne fekk vite det. Han tenkte å ro ned i Vassenden, og so gå siste mila. Han visste ikkje om han klarte denne turen på eit døger. Han laut no prøve. No fekk dei no barnedåpen og å tenkje på.

Husbonden han Jo, togg på det, og ho Brita øya seg å sa: Han Tolleif er berre 10 år! Hadde berre han Eirik vore heime... han er 15 år. Men han Tolleif svara: Eg veit vegen eg var til Frøysland i sommar. Eg skal gå! —Ja, sa Hans, eg veit du er ein mandig gut, du greider det. Men tak ut tidleg, du trengje dagen. Dermed putta han eit pengestykke i handa hans Tolleif. No er du rikaste guten på Myklebost! Blanke auge såg etter han Hans, då han for ut døra. Han var raust og tong så handa, sa han Jo. Odelsguten leika vakkert i hans tanke, sa ho Brita.

Grytidleg morgon dagen etter var han Jo oppe og la dugeleg med god bjørkeved i røykammen. Røyken la seg fort til rette over stovebeten, og ljøsken frå elden leika seg kring vegg. Gryta med morgongrauten hekk i skjeringen, og gav frå seg god ange. Dei slapp umaken med å vekke han Tolleif denne morgonen. Tidleg vakna han på fjøslammen, skunda seg og fekk på seg kledda. Treskonå stod der han hadde sett dei, so for han over tunet klakkande og inn i stova. Mora aust opp grauten og sette fram. Tolleif fekk rjome i grautsulet og ei fagna fleskeskive på børsken sin. Men før han Tolleif gjekk til bords, var han avstad og såg på sylepengen han fekk i gårkveld, men putta den fort inn att i gøymsla si - ei tive i stovebeten. Han fekk etter kvart mange formaningar - om kor han skulle stelle seg på turen. Urda ved veatnet måtte han ikkje gå. Han kunne bryte foten og bli liggande å fryse i hel. Faren Jo kom med ein piggstav, den skulle han prøve isen med. Den var også god

→



å ha om han møtte gråbeinen. No kom mora på at ho hadde gløymt å seie at han måtte bere ærendet pent fram, og ho sa kor det skulle seiast fleire gonger. Han måtte ikkje stogge på Frøysland. Mørkret kom fort, det ville ho minne han om. Mora såg atter etter om alt var som det skulle, med klæda. Knappa att den øvste knappen under haka, det var kald sno oppe i Skrøklingskaret. Og så var det visst ikkje meir - Må Gud vere med deg! - Du kan vel Fader Vår?

Faren fylgde med opp på bøgarden, for enno var det uhyggjeleg mørkt - Då dei merka at dagen var i kjørda, sa Tolleif: «No kan du gå heim att far, eg er ikkje redd. Det siste faren såg, var som ein uklår skugge som for opp over bakkane og vart borte i dimma.

Han Tolleif tykte det var vanskeleg å kjenne seg att oppe i fjellheimen. Det var ikkje som i sommar. Alt han såg på, møtte honom med kalde strenge auge, tykte han. Og ei bitande kald sno skar nådeløst inn til beinet, uff! Og snåva han litt og fekk eit støyt på leggen, so var det so ilt at han mest måtte sipe.

So var han då komen so langt at han kunne setje piggstaven i isen på Skrøklingsvatnet. Isen var meir enn sterk nok, han hadde gått på ringare is. Det var godt at han var fri å gå ura. Det hadde nok teke mykje av dagen. Mens han for lett over isen kunne han ikkje få ut av tankane han Gunnar som drukna her hitt året. Det var so fælt. Då visste han inga onnor råd enn å tenkje på sølvpengen han no var eigar av. Han var rikare enn noken av jamaldringane sine!

Snart var han ferdig med isen, og i slakke undanbakkar bar det mot Haukedalen. Det var framleis vanskeleg å kjenne seg att. Det vart so utruleg lenge før han såg i kyrkjetårnet på Gjerland. Men då visste han at han var på rett veg. No var ikkje Frøysland langt undan. Då kjende han modet strøymde som ei selv gjennom heile kroppen. Han hadde klart det.

Han møtte ho Marta ute på tunet, ho såg so spørjande ut tykte han, men ho kjende honom. Han Ludvik kom fram frå vedskjulet, han forstod ikkje so med ein gong at dette var ein gut som var komen over fjellet frå Jølst. Men so var det no ærendet han skulle bere fram. Han skulle bere det pent fram, hadde ho mor sagt. Han laut visst vente litt, enno pusta han som ein smidjebelg. Men no ville Frøyslandsfolket ha guten

i hus. Han trengde både mat og drikke, trudde dei. Men han Tolleif sa tvert nei, mørkret kom snart, han måtte gå! Men du kan få seng og gå attende i morgon. Men nei! No høvde det å bere ærendet fram. Og ho Marta slo hendene saman og sa: Å nei og nei! Du store tid! Og han Ludvik smilte og sa, det var ein fagna odelskar dei trengde på Myklebosthojen! Dette va godt nytt å få til jul! Atter ein gong vart han beden inn. Men det måtte dei ikkje tenkje på, han måtte gjennom Skrøklingen før det avdagast. So for ho Marta og fann fram ei mjølkeskål og attpå fekk han ein pølsebit, og to vasskringler. Og so måtte han ha takk for den greie og gode nyhenda. Han måtte ha lukka på turen. Dei vona han ikkje vima seg vekk der oppe i fjellet. Og so måtte han ynskje folket bort i Jølst ei god jul! Dermed for Tolleif attende som ei pil. «Han Jo har fått seg ein sabba dreng». Tenk å gå Skrøklingen fram og attende på dagen, slikt er karstykke! Dette var noke Frøyslandsfolket sa seg imellom, han Tolleif hørde det, då han for over tunet. Og han kjende det gjorde godt.

Det bar avgarde i tolleg bra fart opp Gjerlandsbakkane. Og kyrkjetårnet var det siste han såg. Han måtte gjennom eit belte med bjørkekratt og eine. Og snart låg ville fjellheimen fram for honom. Han trudde han var på rett veg, men då sola slokna i fjelltoppane, kjende hans eg so liten og einsam at det var fælt. Han tok til å mumle på Fader Vår. Han kunne Fader Vår, men han skjøna so lite av desse bønene. «Men frels oss fra det onde», tykte han at han skjøna. So bad han denne bøna fleire gonger. Gud i himmlen hører det som so det berre er eit sukk, hadde læraren sagt. Han tykte dagsljuset hadde ??? seg, og enno var han ikkje komen på høgda. Men kanskje Gud sende ein engel som kunne hjelpe han heim? Men brått såg han att fjelltoppane på andre sida, han såg fjella i Jølst! Då sa han halvhøgt: Gud skje lov! Det hadde han høyrte av mor si. Men mørkret kom snarare enn han hadde venta. Då han kom på Krambubakkane laut han til å seinke på farten. Han måtte vete kor han skulle setje foten. Men heim skulle han, om han so skulle krype siste stykket!


Han snåvde over ende med same han kom inn på heimetunet. Faren stod rett over han med lykt i handa. Han ville avstad å gå guten sin imøte. I skinet frå lykta kom der fram flagrande skuggar. Der stod ein heil flokk menneske der som ropa i kor: No kom han!

Mor Brita sa med skjelvande røyst: Gud skje lov! Og den 10 år gamle systera til odelskaren på Hojen sprang heim med ein gong, stupte inn døra og ropa: No kom han! Og inne sa alle Gud skje lov! No kan vi til å halde jul...!

\*



# Landskap med fortid, haust og katt



breen sig fram

bryt  
med tyngd  
av tusen års kulde

blått heng  
brefallet  
over urder  
av grå gneis

- og der fanst slitne menneske  
bøygde kom dei  
frå slåtteteigen  
heim til kvelds  
stod og stødde seg  
til ljåen  
hadde trøyte lemer  
- stod ei stund -  
såg himmelen over seg  
og fjella ikring seg  
tenkte på veret og morgondagen  
stilte børa frå seg  
og gjekk inn til ro.  
Ein morgon  
hang ein ljå att  
på veggen  
- vart hengande  
til ein annan kom og treiv han  
og gjekk til arbeids

Innlandspoeten  
prisar skaparverket:  
han set poteter  
i solvarm mold  
fora til endes  
- før han roleg rettar rygg  
snur seg  
og ser sine henders gjerningar.  
Sidan ber han om lagleg ver  
for det som skal vekse  
- medan nordvesten jagar kvite haglelingar  
gjennom tunnkledde bjørkelier.  
Optimistisk drøymer poeten  
at hausten kjem  
- på nytt grev han i jorda  
og finn gode ord  
som nypotet med tunt skal.

haust  
i vest  
ein katt  
sit og druknar  
på tunet

nebo

# Ten Sing og det vesle huset

Sonja Åsen Aardal



Ein stad ute på landet ligg det eit lite raudt hus attmed ein stor veg. For det meste ligg det vesle huset berre der, og ristar i vindauga sine kvar gong ein trailer køyrer forbi på den store vegen. Og kan hende kjenner det seg litt åleine, med berre dei travle, bråkete bilane som selskap. Men så, kvar sundagskveld, skjer det noko med huset. Bilar stoggar utanfor, døra blir låst opp, ovnane blir slegne på og inn strøymer desse ungdomane som det vesle huset tek til å kjenna ganske godt. Det er Ten-Singarane!

Og det vesle huset veit kva som ventar. Høg latter, ramlande trommer, kvinande gitarar, høglytt mumling, kviskring, prating, sladring, krangling, fnising... og ei stemme som febrilsk prøver å trengje gjennom: «Nei, no MÅ de vere stille! Vi skal ta denne strofa opp at frå takt...». «Huff», sukkar det vesle huset og veit ikkje om det skal tykkje synd i den håse dirigenten eller snappe opp dei siste nyhanda frå helga. Men som oftast går det bra til slutt, og huset blir fylt av musikk. Når dei 40 Ten-Singarane spyttar ut tyggisen, gløymer den siste forelskinga og SYNG, ja, då rockar heile det vesle huset med så den raude bordkledninga ristar. Andre gongar blir det ståande heilt stille og lytte til ei fin vise:

«Du løftet meg opp av fordervelsens grav og satte mine føtter på fjell.  
du viste meg nåde i steden for krav  
da fant jeg tilbake til meg selv»

(B. Eidsvåg)

Og etterpå er det mat - i store mengder - og prating og stricking og fnising og synging. Heilt til bussen går heim att klokka ti.

Ja, huset likar Ten Sing. Og kan hende smiler det litt for seg sjølv når det tenkjer attende på den gongen for fem år sidan då dei føre Ten-Singarane steig nølande over dørstokken. Sju tenåringar var det som forsiktig reinsa stemma og nynna med, medan orkestermedlemmene ivrig og på høgste volum prøvde ut instrumenta sine.

Då var det vel fleire enn det vesle huset som tenkte: «Dette kan aldri vare - heldigvis».

Men det vart fleire og fleire som lufta stemmebanda om sundagskveldane, og etter kvart som orkesteret fann fram til både takt og tone vart det retteleg kjekt å ha Ten Sing-øvingar.

Tida gjekk, og Ten Sing såg ut til å ha funne seg

vel til rette i huset attmed vegen. Møblar vart flytta fram og attende, veggane fekk måling i friske fargar og plakatar og lamper vart hengde opp. Til slutt vart heile huset måla raudt så det låg der og retteleg lyste mot dei som for' forbi.

Men det var mykje av det Ten Sing gjorde som det vesle huset ikkje fekk vere med på. Det hørde om opptredenar, konsertar, gospelkveldar, turnear og kva det no var for noko alt saman. Nokre gonger øvde dei på dramatisering og dansesteg, og dei laga kostyme og kulissar. «Det er visst noko stort på gang», tenkte huset, og snappa opp spente samtaler om revy og musical. Og det gledde seg med dei som kom att med glans i augo og oppglødde stemmer: «Det gjekk jo bra!»

Av og til fann dei på rare ting. Som den gongen dei

utstyrte seg med rare kostymer, ballongar, flagg og kassettpelar i ei barnevogn og gjekk 8 km langs vegen for å tene pengar til nytt songanlegg. Eller då dei laga til marknad med kassebilløp og utekonsert i Årdalen. Andre gonger har dei ungdomsgudsteneste og gospelkveldar i kyrkja og syng om Gud, om kjærleik og fred og om håp for ei betre verd. Og kan hende vert håpet kveikt hos ein og annan når dei 40 Ten Singarane syng:

«Bruk deg, bruk alt du har fått  
Du kan om du vil, du er unik, du er flott  
Kjemp for en ny og uprøvd fred,  
Sloss mot alt som bryter ned».

Jau, det ER kjekt med Ten Sing, tenkjer det vesle huset der det ligg attmed den store vegen, raudt og fint og temmeleg stolt over å vere Ten Sing-hus.

## Skyming

Jostein J. Hjellbrekke

No -

Medan eg ventar på nokon som kanskje skal koma fram til mitt hus  
Kjem skyminga att.

Går med si varsemnd frå grend til grend,  
stilt ifrå hus til hus.

Samstundes kjem ho til alle.  
Samstundes legg ho si dimme i graset og trea  
som ventar på kvelden  
og kvila.

Skyming, kvar kjem du ifrå?  
Vandrar du berre frå hus til hus med di varsemnd -  
Er du då berre ein heimstad for **kvelden?**  
Ein heimstad som kverv og kjem att, -  
som sveiper seg kringom ein dag som vert borte  
og kringom ein dag som skal **bli?**

Kor dine augo er gråe og vene!

Lint, - som ein ange av lyng og linnea kjem du attende.  
- **Mjukt** - som eit minne **om** noko eg **gløymde** -

Noko som **var** eingong.



# Jølstravatnet rundt på to hjul

Tekst og foto ved Laila Hov Sandnes

Vi vil med ein gong få gjere merksam på at overskrifta her ikkje viser til noko slags råkøyning som har funne stad, men til Jølster idrettslag si positive tilskiping «Jølstravatnet rundt», for trimmarar og meir profesjonelle uti faget. Eliten har vi all mogeleg repekt for, dei kan ta pusten frå nokon kvar, men så er det alltid dei som får ros og omtake og bilete i avisa. Vi vil snu litt på flisa her, og nemne alle dei som trimma både seg sjølve og sykkelen denne dagen. Vi trur at det var mange som dagen før tok ein liten sjekk på sykkelen, med klut og olje, lappa ringar og sette køyretøyet i stand til innsats, for dette ville dei vere med på. Telefonar gjekk hit og dit, skal du sykle rundt vatnet, eg startar klokka det og det, skal vi halde følge, vi tek vel med niste. Avtalar vart gjorde og planar lagde.

Så kom dagen, litt surt ver, men i allfall opphalds- ver i førstninga. Syklane tok til å trille nokså tidleg, og i begge retningar. Vi tok innover Sørsida først, med fotoapparat og med planar om å ta bilete og snakke med nokre av dei vi møtte. Dei første vi fekk stanse var familien Mjanger, fem personar på fire sykklar, det vil seie at Guro sat bakpå med mor si, og kunne berre slappe av og nyte turen. Dei fortalde at det var første gongen dei var med og sykla rundt vatnet, og dei tykte det var eit fint tiltak.



Familien Mjanger, frå venstre, Gunvor, Guro, Are, Erlend og Rune.

Under Orkja, slo vi av ein prat med nokre som hadde funne seg tid til ein pause, og som kosa seg med mat og drikke.

Vi trødde og sykla og kom omsider til Skei, der stod Kåre Bjørnarheim og delte ut saft og drikke av ymse typar, til dei som passerte. Her tok vi oss ein liten pause



Matpause under Orkja, frå venstre, Åsta Myrmel, Øyvind Årdal, Stig Myrmel, Ann Kristin Årdal og Hjørdis Årdal.

og fekk fukte strupen. Bjørnarheim har vore med på denne tilskipinga kvart år, og hatt ansvar for «drikke- stasjon» på Skei, og blandinga den var god.

Så bar det nedover langs nordsida av vatnet, men der oppdaga vi snart at det vart meir trafikk og ikkje så godt å stanse folk for å slå av ein prat. Vi kunne ønskje oss at bilistane tok meir hensyn til dei som sykla.

På nordsida møtte vi også dei som sprang Maraton, i fin fart, ufatteleg for oss at dei orka. Vi møtte mange



Kåre Bjørnarheim deler ut drikke til Kjartan Sandal, Øystein og Vegard Sandnes.

på sykkel, og anten vi kjende dei eller ikkje, så kosta vi på oss eit smil og eit lite nikk, vi var tross alt ute i same ærend.

På Vassenden vart vi registrerte og noterte, og det var liksom det vi sykla for denne dagen, å komme blandt dei mange som trimma rundt vatnet, ca 250 på sykkel vart det sagt, i tillegg kjem alle dei som deltok til fots på ein eller annan distanse. Verkeleg ei stormønstring, eit flott tiltak der alle kan stille opp frå førskulealder til pensjonistar. Og så har vi alle så utruleg godt utav det, å få bruke kroppen og kjenne at det gjer oss godt. Om vi er litt stive dagen etterpå, så er det berre ei påminning til oss sjølve, at vi bør trimme litt oftare. Vi takkar idrettslaget for eit fint arrangement, og lovar at dette vil vi vere med på fleire gonger.

Syklande reportar (uten gir)



Einar Botnen er ein av dei som har vore med på dette kvart år, så dette var altså tredje gongen han sykla «Jølstravatnet rundt». Han sykla ikkje så mykje til vanleg kunne han fortelje, men det vart gjerne ein søndagstur av og til.

## Godt idrettsår i Jølster

av Rune Årdal

Foto: FIRDA

Om idrett er kultur, og så blir sagt, skulle vi Jølstringar vera godt kulturelt nøgde i år. I skisportet, i piggsko og på fotballbana har vi hevda oss heilt i toppen i fylket.

### Ski

Snøen kom seint denne sesongen. «Skieliten» såg snø i himmelsyne i september, men det hjelpte lite når dei helst ville hatt han under skiene. 14. desember fekk dei ivrigaste først prøve seg, og det er for seint om ein skal hevde seg ute i «den store verda».

Likevel heldt det til å vere i toppen i kretsen også i år. For 7. år på rad vann seniorane stafett-KM. I år drog juniorane og damene sigeren i land, og dermed vart det trippelsiger i stafett-KM for 4. gong. Kjell Øygard, laget si store stjerne sommar som vinter, vann KM på 15 og 30 km og 15 km i Fylkesmeisterskapen. Svært sterke prestasjonar vart det også i B-NM med 10. plass på 15 km og 6. plass på 30 km. I NM vart det 36. plass og premie på 15 km og 48. plass på 30 km. Desse gode resultatata gjorde til at Kjell, som den første sidan Per Knut Aaland her frå kretsen, rykkjer opp i A-klassa.

I gute- og jenteklassane er det spesielt mellom dei heilt yngste at det er god breidde. 120 har vore med i karusellrenna. Individuelt har Anders Henning Sægrov vore den beste med både krets og fylkesmeisterskap. Anders Henning og Geir Støfring stod for særst gode prestasjonar då dei vart nr. 9 og 18 av 70 startande i «Mini Birkebeinaren» over 12 km, ein mykje lenger distanse enn dei går til vanleg.





Trenar Rune Halland og Helge Dvergsdal saman med småguttelaget til Jølster.

I hoppbakken er det ikkje like god rekruttering. Berre 2-3 «eldre» hopparar er med, og hevdar seg bra, og kanskje noko uventa, tok Reidar Urheim heim kretsmeister-tittelen i år.

## Friddrett

Med det same snøen forlet oss, spenner både skifolket og dei mest spesialiserte på seg piggskoa. Breimstafetten var som vanleg det første, og etter å ha leia over halve løpet vart det 2. plass tilslutt for Jølster. Holmenkollstafetten var det neste store, og som beste lag frå fylket, sprang dei 15 seg inn til ein 24 plass av om lag 250 lag.

I lagserien i friddrett ligg Jølster an til ein 7 - 8 plass pr. i dag i 2. divisjon, der 10 lag deltek. Best i fylket også her. Kjell Øygard og Svein Boge har teke det som er av sigrar i dei lange løpa, Geir Øygard har stått for dei gode prestasjonane på dei litt kortare distansane.

«Jølstra-mila» halv og heilmarton var det 170 som la bak seg med tidtaking. Men mange tok og turen utan å bruke klokka, og i alt 4-500 var å sjå anten på føtene eller på sykkel ein eller annan stad rundt vårt fagre vatn.

«Fjelltrimmen» har og vore eit populært tiltak i år. 10 postar har vore lagt ut på mange fjelltoppar. Fleire har kjempa hardt seinhaustes, og baska seg gjennom tidleg haustsnø, for å nå målet med «full pott» og dermed premiering.

## Fotball

Fotballsesongen 1985 har vore den beste i lagets

historie, endå målet berre var å berge plassen i 4. divisjon. Difor var det mange som klødde seg i nakken då Jølstringane vann 5 av dei 6 første kampene i vår. Laget lukta på tetplassen i divisjonen, og alle venta på eit tap. Og det kom sjølvsgatt i den 7. kampen, i Eikefjorden, der heimelaget endåtil hadde sin dårlegaste sesong. Til alt overmål tukta dei også Jølster på Skei Stadion i haustkampen.

Etter den gode vårsesongen gjorde Jølster, som vanlegvis er eit godt haustlag, ein heller svak slutt på sesongen. Det starta med to sigrar, mot Dale og Fjøra, sidan gjekk det tungt. Skadar hos sentrale spelarar gjorde til at reservebenken vart tom og laget halta meir eller mindre fram mot serieavslutninga. Men den gode opninga på sesongen gjorde likevel til at laget kom på ein god 6. plass i 4. divisjon.

Alt i alt har det vore eit godt sportsleg år i Jølster. Vi bur i ein langstrakt, «brokete» kommune, med heller små materielle ressursar. Snøen er sant nok gratis, men når det gjeld friddrett og fotballbane har vi vel det dårlegaste tilbodet i Sogn og Fjordane. Når vi så ser på dei sportslege prestasjonane, vert dei i eit slikt lys svært imponerande

Den mykje omsnakka og ynskte nye bana er no endeleg planlagt, og håp om gras på Skei Stadion skulle det vere om 2 år. Dermed skulle det vere duka for at vi framleis får god sportsleg framgang i Jølster i åra som kjem.



## Minne

Det syng so vent innpå fjellå  
- det spelar so vakkert innmed tjønnå  
Unge føter trødde der inne  
i solljose dagar og haustklår luft.

Det syng so vent innpå fjellå  
- det spelar so vakkert innmed tjønnå  
Unge føter stogga so brått,  
det susa so stilt innpå fjellå, Arvid.  
Det syng so vent innpå fjellå  
- det spela so vakkert innmed tjønnå.  
H.F.

## 7. klasse ved Skei skule

Intervju om TV-program ved Lillian og Hilde.



Intervju med og av nokre elevar i sjuandeklassen ved Skei skule. Emna som er valde er gode og dårlege TV-program og om kva slag musikk vi likar og ikkje likar.

—**Bjørn Helgheim, kva tykkjer du om «halvsju?»**

—Det er eit dårleg program.

—Kvifor er «halvsju» eit dårleg program?

—Fordi eg synest det er berre tørre innslag. Folk som har  $\frac{1}{2}7$  er heilt tørka.

—Er det noko som er morosamt i  $\frac{1}{2}7$ ?

—Jau, Brødrene Dal går an.

—Kva synest du om Brummund?

—Han er morosam.

—Ingemar og Korven?

—Dei skulle ikkje vore der.

—Kvifor er Brødrene Dal morsomme?

—Fordi dei finn på så mykje tull.

—Ser du  $\frac{1}{2}7$  ofte?

—Av og til.

**Dette er ditt liv, Laila Bø, 13 år**

—Kvifor er «Dette er ditt liv» eit dårleg program?

—Fordi det er berre prating, det er igrunnen alt for kjedeleg til å gå på ein laurdag.

—Er det ingenting som er morosamt med programmet?

—Nei, Tussbergen er no heilt tørr, han skjemmer ut heile TV-programmet.

—**Jonny Dag Sunde, kva tykkjer du om Falcon Crest?**

—Det er eit godt TV-program.

—Kven er tøffast i Falcon Crest?

—Han Lance, ho Melissa og Chase.

—Kven er dummast i Falcon Crest?

—Da må vere Richar Channing.

—Kven er snillast i Falcon Crest?

—Æ.....Linda trur eg.

—Kva synest du om Chase?

—Bra kar, tøffing.

—Maggi?

—Æsj..... eg veit ikkje.

—Cole?

—Han er sterkare enn Lance, han.

—Terry?

—Ganske stor idiot.

—Michal Ranson?

—Bra i starten, men blir teitare etter kvart.

—Angela?

—Gammal hørpe.

—Julia?

—Det var stygt å begynne og myrde folk, elles er ho ein idiot.

—Emma?

—Litt idiot.

—Faren til Linda?


—Sur idiot.

—Ser du på Falcon Crest ofte?

—Ja, nesten kvar gong.







### Grøssarane, Randi Flølo, 13 år.

- Kvifor syns du det er eit godt program?
- Nei, skal vi sjå....jo, fordi det er spennande.
- Blir du ikkje redd når du ser på?
- Nei.
- Kva heitte den beste som har vore?
- I nattens mulm og mørke, trur eg den heitte.
- Ser du på grøssarane ofte?
- Ja.

### Tor Ivar og Marius, Det var ein gong eit menneske.

- Kvifor er programmet morosamt?
- Fordi, det er so mykje slosting, action.
- Kven er tøffast i programmet?
- Oppfinnaren (han med det kvite skjegget).
- Kvifor er han tøffast?
- Fordi han alltid snublar i skjegget.
- Kven er dummast då?
- Han vesle fyren med raudt hår.
- Kvifor er han dummast?
- Han er so stygg med andre.

### Musikk

Folk har alltid hatt ulik smak når det gjeld musikk. Her er nokre intervju i klassen.

#### Her er spørsmåla

1. Kva slags musikk likar du?
2. Kvifor likar du det?
3. Kva slags grupper?
4. Kva er det du ikkje likar?
5. Kva syns du om norsktoppen og ti i skuddet?

#### Harald Viken:

1. Eg likar rock!
2. Fordi eg synest det er bra, vel.
3. Foreigner, A-HA.

4. Beethoven, kringkastingsorkesteret, Dei 3 busserulls, Fjellklang.
5. Ti i skuddet er bra, det same med norsktoppen.

#### Randi Førde:

1. Rock, pop.
2. Fordi det er bra.
3. A-HA. Bruce Springsteen, Monroes, Bryan Adams.
4. Vazelina Bilopphøggers, Fjellklang, opera, klassisk musikk.
5. Ti i skuddet er bra, men ikkje norsktoppen.

#### Hilde Søgnesand:

1. Eg likar rock, heavy, litt pop.
2. Fordi eg likar musikk med fart i.
3. Kiss, Accept, Monroes, Dire Straits og andre med futt i.
4. Eg likar ikkje Wham, Creation, Duran Duran, Limahl.
5. Norsktoppen likar eg ikkje. «Ti i skuddet» går an.

#### Marius Halvorsen

1. Eg likar hard rock og rock.
2. Eg blir fort lei pop, så det er betre med rock.
3. Nazareth, Dio, Kiss.
4. Eg likar ikkje Fjellklang, og alt med gammaldans.
5. Det er meget bra.



Første rekkje frå venstre: Randi, Hilde Katrin, Margrete, Laila, Lillian og Elin.

Andre rekkje frå venstre: Siv Janne, Anne Karin, Stig Magne, Tor Ivar, Jonny, Lisbeth og Hilde.

Tredje rekkje frå venstre: Randi, Anders Henning, Einar, Marius, Vidar, Bjørn, Harald og Sverre.

# Det nyttar



frå avisa FIRDA, 21. november 1945:

## Måldyrkingslaget i Jølster krev nynorsk tekst på pengesetlane.

I Jølster vart skipa ein måldyrkingsring for eit par år sidan. Ringen held møte kvar månad. Dei arbeider med å reinska talemålet og få skriftmålet so nær bygdemålet som råd er. Elles fylgjer ringen vake med i målarbeidet rundt ikring i landet, og ber fram kravi sine når dei tykkjer det er noko som bør segjast. På siste møtet vart det vedteke å senda dette skrivet til Norges Bank og finansdepartementet:

Måldyrkingsringen i Jølster har skyna det soleis at det skal kome nye pengesetlar når det lid ei tid. Alle pengesetlane har til denne tid havt bokmålstekst, men det er eit gamalt krav å få sume setlar prenta med nynorsk tekst.

Det er lovsett at nynorsken skal ha same retten som bokmålet. Skal ein finna ut kor stort rom nynorsken har krav på, lyt ein røkja etter kor mange skulekrinsar det er som har nynorsk til opplæringsmål, og kor mange fylkesting og heradstyre som har kravt nynorsk i vedskiftet med dei offentlege styremakter. Ei slik etterrøkjing kjem til å syna at nynorsken har kje på næme nær fått det romet han har rett og krav på. Verst er det vel i so måte med teksti på pengesetlane, der han har vore heilt utestengd.

Måldyrkingsringen i Jølster minner um dette. Vi ventar ærleg vilje til rettfærd mot bæe måli både hjå Noregs Bank og finansdepartementet. Vert pengesetlane no au sende ut med berre bokmålstekst, tykkjer vi det vert ei krenkjing mot norsk lov. Då får vi stadfest at retten er kje heil, han kan delast.

Vi bed difor Noregs Bank taka åtgjerder so sume pengesetlar vert prenta med nynorsk tekst.

## Premieoppgåve for heile familien

Heile 12 stadnamn i Jølster har gøymt seg i dette diagrammet.

Les vassrett, loddrett, framlengs og baklengs, og sjå om du kan finne dei. Set ring om dei du finn etter kvart.

Send løysinga til:  
Jølster Mållag, Boks 62, 6850 SKEI  
innan trettande dag jul. Bokpremiar.

H	A	V	K	R	E	P	O	R	M
K	I	S	J	J	D	I	T	I	M
E	V	V	Ø	Ø	N	E	Å	K	Y
D	P	I	S	V	U	K	S	V	K
N	E	D	N	E	S	S	A	V	L
U	I	A	E	S	A	L	N	T	E
L	K	L	S	E	M	N	D	I	B
O	Å	L	H	U	S	J	D	L	O
P	S	U	U	H	D	F	A	G	S
T	B	G	G	E	K	A	L	K	T

REBUS 1:



REBUS 2:



REBUS 3:





### Reproduksjon av Nikolai Astrup sine måleri

	m/ramme	u/ramme
Vårkveld i Jølster	690,-	250,- — 360,-
Varmen kjem i jorda	490,-	150,- — 240,-
Sandalsstrand	195,-	
Rundt fjell	195,-	
Jonsokbål, lite form.	195,-	

### AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei - Tlf. 28 125

## Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



### VOLVO BM VALMET

*Ta kontakt med oss:*



Bergen                      Skei i Jølster                      Etne  
Tlf. 05/325500                      Tlf. 057/28202                      Tlf. 047/66544  
5800 SOGDAL — TELEFON (056)71905



Rør og rørartikler  
Sanitæranlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved og flis  
Varmegjenvinningsanlegg  
Kjøkken innredning  
Baderom og møbler  
Fliser for bad og melkeromsgolv

## JØLSTER RØR

Aut. rørleggermester  
**TROND AARDALBAKKE**  
6850 Skei i Jølster



## Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei Jølster - telefon 28 377  
Avd. 002 - Veiteberg - telefon 28 929  
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644  
Avd. 004 - Ålhus - telefon 27 720



- Reparasjon
- Oppretting
- Salg
- Messing
- Treblås
- Gitar
- Pianostemming

**Fagmessig utført arbeid**  
**HURTIG LEVERANSE**

## Jølster Lenestol

MØBELTAPETSERARVERKSTAD

6853 ÅRDAL - Tlf. 27 612

## Aif Helgheim & Co

*Ur optikk foto musikk*

HELGHEIM ÅRDAL I JØLSTER

Tlf. 057/28 184

# JØLSTRAHOLMEN



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135

BUTIKK  
VEGKRO  
GATEKJØKKEN  
BENSIN  
CAMPING

*RIMELEGE PRISAR!*

# SKEI LAKKERING

6850 SKEI I JØLSTER — 057 - 28 369

**LAKKERINGSARBEID VERT UTFØRT FAG- OG KVALITETSMESSIG**  
**TIL RIMELEGE PRISAR**

*Dekor- og Motivlakkering — Reparasjon av mindre skader*  
*Sal av motorolje, rekvisita m.m.*

# HAIN

TLF. (057) 27 325

**6840 VASSENDEN**

Mekanisk verkstad  
Reparasjon av Landbruksmaskiner  
og utstyr

Sveising — Stålkonstruksjoner  
Porter — Platearbeid

Reparasjon av graveskuffer  
og hjullasterskuffer

Gravemaskiner — Dumpers  
Hjullaster mm.

Forhandlar av gravetenner,  
frontstykker og vendbare tenner

*Ring eller kom, vi står til teneste*



**KVERNELAND**



**Alle typer  
elektroinn-  
stallasjonar og  
servicearbeid**

**Kvalitetsvarer på bestilling!  
Kontakt oss om:**

- BELYSNING
- VARME
- KVITEVARER  
*(komfyrer, kjøle-/fryseskap, vaskemaskiner o.l.)*
- SMÅARTIKLAR
- MOTORAR
- RESERVEDELAR

**Inst. Sverre Årdalsbakke**

Skei - Tlf. 28 135



**SMS? EG HAR NOK  
IKKJE RAD TIL SLIKT, NEI**



**SMS? SLIKT ER  
EG FOR GAMMAL TIL**



**SMS? NEI NO ER DET  
JULEGÅVER VEIT DE**

**KVA FOR UNNSKYLDNING  
BRUKER DU I ÅR?**



**SUNNFJORD SPAREBANK  
JØLSTER**

Telefon 27 605 - 28 108



**GOMBINO**

AUT. VÅPENFORHANDLER

6853 ÅRDAL I JØLSTER, Norway

Tlf. 27647

**JØLSTER BYGG AS**

6840 VASSENDEN I JØLSTER - TELEFON (057) 27 413

**KRAMBUA**  
**SIGURD KLAKEG**

6850 SKEI TLF. 28122

*Firma Gunnar Hylderås*

Ass. Landhandel  
Sanddal tlf. 27 656

Medisinutsal - Kommissjonær - Norsk Tipping

**FØRDE SAMYRKELAG**

Avd. Vassenden

DIN EIGEN NÆRBUTIKK



PÅ VEG TIL  - EKSTRA

Kr. Myklebust, Myklebust tlf. 27 673

KOLONIAL - BRØD - SOUVENIRS  
FISKEKORT

***N. B. Kvammen***

DAGLEGVARER

**SKEI HANDEL**

- KONFEKSJONSbutikkEN —

Skal det vere noko nytt til jul?  
Kanskje finn du det hos oss.

*Velkomen innom - eller ring og avtal høveleg tid*

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 374

**OPNINGSTIDER:**

**Kvardag: 07.30-22.00**

**Laurd.: 08.30-20.00**

**Sønd.: 09.30-22.00**

**VENT MEIR AV OSS**



**SKEI SERVICENTER**

v/OLa Fugle  
6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234

## Jølster folkebibliotek

Opningstider ved avdelingane

### Hovudbiblioteket på Skei

Onsdag kl. 17.30 - 20.30

Torsdag kl. 13.00 - 17.00

Barnetime torsdag kl. 14.00 - 15.00

### Avdeling Vassenden

Måndag kl. 17.30 - 19.30

Onsdag kl. 10.00 - 12.00

Barnetime onsdag kl. 13.00 - 14.00

### Avdeling Sørsida (Myklebust grendahus)

Torsdag kl. 15.00 - 18.00

### Avdeling Ålhus (Borja)

Måndag kl. 16.00 - 18.00

Skal det vere ekte heimebakt  
flatbrød frå Jølster? No kan  
du få det. Jølster Produkter  
lagar flatbrødet på -gamle-  
måten- etter gamle oppskrif-  
ter. Her er det snakk om  
kulturen som smakar!



**JØLSTER PRODUKTER A.S.**

6840 Vassenden: Tlf (057) 27 488



Medlem av  
Norske Murmestres  
Landsforening

## JOSTEIN VIKEN

- autorisert murmester -

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

**A.K.**  
*Sunde*

## DAGLEGVARER

6855 ÅLHUS

TLF. (057) 27 708

«Turisthotellet i sydenden av Jølstravatnet»



Hotell for  
ferie og  
konferansar

Fisking - Segling  
Vannski, Vindsurfing  
Sightseeing

VELKOMMEN!

**VASSENDEN HOTELL**

Jølster, 6840 Vassenden, tlf. 27 300

ALT I TRYKKSAKER

**EKO-Trykk A.s**

Kronborg - 6800 Ferde Tlf. (057) 22 884



LIND-JULLEFJELL A.M. 1944